



Sak nr 36/2013

Møtedato: 20.11.13

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S694

## **S694, Jaslangen - søknad om å få behalde sel som det er rivingspålegg på**

I søknad om oppføring av nytt sel vart det opplyst frå Moe at det gamle selet var svært dårleg og skulle rivast. Fjellstyret stilte riving som vilkår i godkjenning av nytt sel. I vinter vart det søkt om å få behalde det gamle selet, men søknaden vart trekt før styrebehandling. Fjellstyret har to gonger utsett fristen for å fjerne det gamle selet; seinast til 1.9.13.

Ingebjørg og Magne Moe søker i brev datert 1.9.13 om å få behalde selet på kulturhistoriske verdiar og viser til uttale frå m.a. Oppland fylkeskommune.

Fjellstyret har behandla byggesøknad på stølen fleire gonger og det kan kort oppsummerast slik:

2006:

Søknad frå Moe om oppføring av sel på 73 m<sup>2</sup> (BYA). Søklar opplyser at eksisterande sel er så dårleg at det ikkje er aktuelt å restaurere og det vil bli rive.

Fjellstyret godkjenner i sak 34/06 eit areal 70 m<sup>2</sup>. Fjellstyret meiner teikningane ikkje er i samsvar med lokale tradisjonar og ber om nye teikningar.

Statskog ber om lengre frist for å uttale seg pga intern omlegging av distriktskontor.

Statskog tilrår at arealet blir avgrensa til eksisterande storleik på sel; 27 m<sup>2</sup>.

Ny søknad frå Moe om sel på 50 m<sup>2</sup>. Det gamle selet var tidlegare 47 m<sup>2</sup>.

Etter at det er dokumentert at tidlegare sel har vore 46,7 m<sup>2</sup> tilrår Statskog sel på 50 m<sup>2</sup>.

Oppland fylkeskommune har ikkje merknader til at selet blir rive når det er i så dårleg tilstand at det ikkje kan restaurerast. Det er merknader til utforming.

Fjellstyret godkjenner i sak 41/06 søknaden om sel på 50 m<sup>2</sup>. Fjellstyret ber om at teikningar blir endra i samsvar med merknader frå Oppland fylkeskommune. Vedtaket er gjort på vilkår av at det gamle selet blir rive.

2007:

Fjellstyret registrerar at selet er ført opp større enn det som er godkjent. Bygging blir stoppa av fjellstyret i samråd med kommunen.

Moe endrar søknad om sel til 65 m<sup>2</sup> og fjellstyret godkjenner søknaden i sak 57/07.

2008

Statskog klagar over fjellstyret sitt vedtak.

I sak 21/08 opprettheld fjellstyret sitt tidlegare vedtak og saka blir sendt SLF for avgjerd.

Statens landbruksforvaltning opphevar fjellstyret sitt vedtak ut frå at det ikkje er nok grunngeve. Saka blir sendt tilbake til fjellstyret for ny behandling.

2009:

Fjellstyret godkjenner søknaden på nytt i sak 11/09 med ei grundigare grunngeving.

2010:

Fjellstyret godkjenner i sak 51/10 at frist for fjerning av gamalt sel blir utsett til 1.8.2011.

2012:

Purring frå fjellstyret på at sel ikkje er fjerna. Moe søker i brev datert 2.11.12 om å få behalde det gamle selet saman med rapport frå Valdresmusea om huset.

2013:

Søknad blir trekt før behandling i styremøte. Fjellstyret gjer vedtak om å utsetja frist for riving av bygget til 1.9.13. Moe søker den 1.9.13 på nytt om å få behalde selet.

Statskog og Oppland fylkeskommune er tidlegare bedt om uttale til saka, jf. stølsforskrift § 10.

Statskog skriv den 14.1.13 følgjande:

*Vi viser til søknad om bevaring av sel sendt fra fjellstyre den 9. januar til uttale. Søknaden gjelder støl til bruket Viken 61/25 i Vestre Slidre kommune.*

Denne saken startet opp i 2005, der Moe, eier av Viken søker om å bygge nytt sel da det gamle var av så dårlig forfatning at de ikke ser det som aktuelt å ta fatt på restaurering. Det beste er å rive det gamle og føre opp nytt.

Som dere er kjent med ble det etter en del saksbehandling gitt tillatelse til at nyoppsatt sel på 65 m2 kunne stå der det gamle selet hadde stått under forutsetning av at det gamle skulle rives. Oppland Fylkeskommune hadde ingen merknader til at det gamle selet kunne rives da det ikke var registrert hos Riksantikvarens SEFRAK-register.

Det er derfor noe undrende at det nå kommer ny søknad om å restaurere og ta vare på det gamle selet. Det er lagt ved uttale fra Valdresmusea som anbefaler å bevare det gamle selet. Oppland Fylkeskommune er i denne saken øverste myndighet til å vurdere om en bygning er verneverdig eller ikke og om den skal vernes. I dette tilfelle mener de at den ikke er i den kategorien og det legger vi til grunn.

Statskog forholder seg til slik saken utartet seg fra starten i 2005 og fram til vedtak 6. feb 2009. Fjellstyre har ved anledning utsatt fristen til å rive det gamle selet og siste frist var 1. august 2011. Dette er ikke overholdt.

Fristen for å rive selet er ikke overholdt og saken er i ferd med å utvikle seg til en grunndisponeringssak jfr fjelloven § 12. Det vil si at det er Statskog som grunneier, som tar over saken og vi vil dermed kunne vurdere rettslige tiltak for å få selet fjernet.

På bakgrunn av ovenstående kan vi ikke akseptere at det gamle selet på stølen får stå.

Oppland fylkeskommune skriv den 22.1.13 følgende:

Det er tradisjon å gjenbruke eldre bygninger på setrer, og det gamle selet kan etter vår vurdering utgjøre et berikende element i setermiljøet/kulturlandskapet. Dette forutsetter at selet istandsettes etter antikvariske prinsipper og i tråd med den tradisjonelle byggeskikken i området.

Oppland fylkeskommune ved Kulturarvenheten er positive til at eier ønsker å bevare det gamle selet på Jaslangen. Dersom fjellstyret velger å innvilge søknaden, vil vi tilrå at det settes vilkår om at selet restaureres etter antikvariske prinsipper, jf. uttalelse fra bygningsvernrådgiver v/Valdresmusea.

Fjellstyret er ikke kjent med kva drift det er på stølen i dag og har bedt landbrukskontoret om opplysningar om dette for å få avklara om stølen er i bruk eller ikke. Ole Bjørn Moe driv gardsbruket Viken 61/25 saman med sitt eige gardsbruk Fystro 82/6. Han har hatt mjølkekyr og søkt om produksjonsstøtte for arealet heime og på heimstølen. Det er ikke søkt om støtte for drift på stølen på Jaslangen.

Fjellstyret reknar stølen for ikke å vera i bruk og søknaden skal behandlast etter §11 i stølsforskrift: På seter som ikke er i bruk, men som ikke er fallen i det fri, kan seterbrukaren halde husa vedlike på ordinært vis. § 10 andre ledd i denne forskrifta gjeld tilsvarande. Skal seterbrukaren ta opp att seterdrifta, gjeld føresegnene i § 10 i denne forskrifta.

Kjell Strand reiste slik framlegg til vedtak:

Fjellstyret finn ikke at det er dokumentert selet har så store kulturverdiar som tilseier at fjellstyret skal gjera om sitt tidlegare vedtak. Fjellstyret opprettheld derfor vedtaket om riving og set siste frist for fjerning av selet til 1. juli 2014.

Fjellstyret har behandla søknaden etter §11 stølsforskrift og vedtak blir sendt over til Statskog for behandling.

Åshild Reien reiste slik framlegg til vedtak:

Viser til Oppland fylkeskommune sin uttalelse av 22.1.13. Med bakgrunn i dette godkjennes søknaden om å beholde selet på stølen.

Ved avstemming var det 4 stemmer for Strand sitt framlegg og 1 stemme for Reien sitt framlegg.

#### **Vedtak:**

Fjellstyret finn ikke at det er dokumentert selet har så store kulturverdiar som tilseier at fjellstyret skal gjera om sitt tidlegare vedtak. Fjellstyret opprettheld derfor vedtaket om riving og set siste frist for fjerning av selet til 1. juli 2014.

Fjellstyret har behandla søknaden etter §11 stølsforskrift og vedtak blir sendt over til Statskog for behandling.

Vedtaket er gjort med 4 stemmer mot 1 stemme.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 28.11.13

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Ingebjørg og Magne Moe  
Statskog  
Vestre Slidre kommune  
Oppland fylkeskommune